

## Referat frå FAU – 26.09.2022

**Desse møte:** *Cecilie Sande (avtroppande FAU-leiar), Heidi Strandos (vara 1. klasse), Terje Båtnes (2.klasse), Linn Christin Fløholm (3.klasse), Maria Zimmermann Espeseth (vara 3.klasse), Linn Cecilie Knutsen (4. klasse), Tonje Systad (6.klasse), Eirin Borlaug (7.klasse), Tarjei Ringereide (8.klasse), Margunn Hagen (9.klasse), Eli Hellebø (vara 9. klasse), Bjarte Inge Sørestrand (10.klasse). 5. klasse var ikkje representert.*

### Sakliste:

- Informasjon frå psykologisk helseteam i kommunen v/ Alette Norevik
- Evaluering sommarfesten i juni
- Val av nytt FAU-styre
- Arbeid framover for det nye styret
  - Dugnadsarbeid knytt til skuletur i 10.klasse
  - Skulefoto

### Psykologisk helseteam:

- Nytt tilbod i kommunen, som består av Tor Larsen psykolog, Guro Grønvold (helsesjukepleiar), Alette Norevik (vernepleier) og ein lege.
- Eit gratis tilbod for målgruppa:
  - born og unge 0 – 18 år
  - foreldre- og familierettleiing (respondere på barns uttrykk, eigen foreldrestil)
  - nybakte foreldre som opplev fødselsdepresjon
- Her kan du få hjelp til vanskelege tankar, følelsar, og dei arbeider med moderate til milde psykiske plager
- Lågterskel, kom for ein prat, om det er det som er behov for å drøfte eller få litt rettleiing. *Er det noko ein opplev som vanskeleg, vil ein at ein skal ta kontakt, uansett alvorsgrad.*

### Ei henvising vil føregå slik:

- Anamnese – stille spørsmål rundt situasjonen bak henvisinga, for å få forståelse av problemstillinga kring barnet
- Start av eit behandlingsforløp som varar i frå 1 til 6 timar. Meir oppfølging etter 6 timar vert vurdert individuelt i kvart enkelttilfelle
- Henviser vidare til spesialisthelsetenesta om det er behov for dette, og ved meir alvorleg psykisk sjukdom.
- Det er ikkje eit akuttilbod, gå direkte til 113 ved fare for liv og helse

### Finn ut meir:

- Høyanger kommune si heimeside – helse og omsorg – psykisk helseteam
- Jobbar med ei digital løysing der ein loggar seg inn med BankID
- Her hentar du fram og skriv ut eiga henvising til helseteamet
- Telefontid onsdagar 09 – 10 der ein kan ta kontakt og drøfte eventuelle problemstillingar

## **Andre saker på lista:**

### Evaluering av sommarfest

- Inntrykka av at dei aller fleste tykte det var kjekt med ei café-ordning i staden for grilling som det har vore tidlegare år, men at kanskje salget kan starte før underhaldninga (svoltne og utolmodige barn, lette på kø-trykket)
- God ordning for klassen, fekk inn 10 000 kr ca, kjem godt med til klassekassen til Polenturen. Kommentar på at det kanskje var litt kostbart i kiosken, i alle fall for store familiar, Kanskje redusere prisane noko – vurdere prisar opp mot faktisk kostnad.
- Fau føreslår å legge sommarfesten fast til 8. klasse, og heller be om hjelp frå andre klassar dei åra trinnet har færre elevar.

### Val av nytt FAU – styre:

Val ved loddtrekning på klasse.

- Leiar: Terje Båtnes
- Nestleiar: Linn Cecilie Knutsen
- Kasserer: Tarjei Ringereide
- Skrivar: Tonje Systad

### Skulefotografering:

Lodde stemningen i kvar klassegruppe om dei ynskjer gå tilbake til Gøril Sætre, eller halde fram med Skolefoto som kom ved førre skuleår. Gje tilbakemelding i messengergruppe på kva kvar klasse ynskjer. Terje gir tilbakemelding til Hildegunn.

Tankar:

- Gøril Sætre – bruk av lokal fotograf er positivt, ho tar fine bilete, grei intervall på Gøril sine bilete med 1. 5. og 10.klasse som fotoår.
- Skolefoto – mindre nøgd med kvaliteten, dyre bildepakkar
- Ynskjer vi Gøril, vere ute i god til og bestille ho!

### Dugnadsarbeid:

Vi prøver systematisere dugnadsarbeidet i forkant av skuleturen i 10. klasse.

Vi tenkjer ting som er moglege å planlegge/ forutsjå er fint å fordele i dei ulike klassane, men spontane ting ( for eksempel båtvask på Havyard) er «første mann til mølla» prinsippet som gjeld.

- 7. klasse: lage til klubbkveldar? Elevkveld? Diskuter i klassegruppe og kom med tilbakemelding - ingenting bestemt
- 8. klasse: Sommarfest, julekaker – avgjort
- 9.klasse: Pant, Halloweenfest – avgjort
- 10.klasse: Dopapir/ Tennbrikettar: (siste året 10.kl er aktuelt), fordelast på nytt neste skuleår, då skuleturen kjem tidleg på hausten i 10.klasse

**FAU sender ei bestilling til elevrådet om å lage til 3 kveldsarrangement, fordelt på dei 3 ungdomstrinna, som ein del av dugnadsarbeidet. Dei avgjer sjølve kva og korleis... Foreldre må då stille som vakter på sitt barns arrangement.**

## Fritid for barn og unge

Uteplass for barna, ungdomskveld og ungdomsklubb må tilbydast i Lavik og.

- tidskriftsrom – kan ein bruke det betre, kan det vere aktuelt rom?
- fritidstilbud må på plass, det er i frå 5. klasse og oppover i Høyanger
- Tomre – søkje om midlar ?
- Fau oppmodar elevrådet til å skrive brev til kommunen om etablering av ungdomsklubb med påfylgjande midlar og ungdomskontakt, samt at ungdomsrådet tar dette vidare til sitt organ.

**Referent: Cecilie Sande**

**Lavik, 26.09.22**